



Sak: 26/6869
JournalpostID: 26/26729
Saksbehandlar: Gry Otneim Leikanger
Dato: 29.05.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Stad eldreråd	08.06.2026
	Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne	08.06.2026
	Stad ungdomsråd	08.06.2026
	Stad formannskap	

Reguleringsplanar knytt til Stad skipstunnel - Fullmakt frå formannskapet som planmynde

Bakgrunn for saka:

Det er i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8 varsla oppstart av planarbeid knytt til endring av tre detaljreguleringsplanar i Stad kommune. Føremålet med planarbeida er å justere nokre av dei planlagde løysingane for utbygging av Stad skipstunnel.

Følgjande reguleringsplanar er omfatta av endring:

- Stad skipstunnel med planID. 2022010
- Lesto næringsområde med planID. 2022014
- Kjøde næringsområde med planID. 2022013

Plandokumenta vert utarbeidd av COWI som plankonsulent i samarbeid med Stad kommune. Planrevisjonen av dei nemnde planane vert ikkje ferdigstilt tidnok for å rekke politisk handsaming i råd og utval i juni. Av omsyn til framdrifta for planrevisjonen og Stad skipstunnel som prosjekt, er det uheldig at handsaming om høyring og offentleg ettersyn vert utsett til møterunden i september.

Etter Stad kommune sitt delegeringsreglement er fullmakt for å legge saker som gjeld detaljreguleringar ut på høyring, lagt til Formannskapet og kommunedirektøren ber om fullmakt til å legge reviderte plandokument ut til høyring og offentleg ettersyn så snart dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad formannskap som planmynde gjev eining for Plan og forvaltning fullmakt til å legge følgjande reguleringsplanar ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av Plan- og bygningslova § 12-10:

- Stad skipstunnel med planID. 2022010
- Lesto næringsområde med planID. 2022014
- Kjøde næringsområde med planID. 2022013

Saksopplysningar:


Forslagsstilar: Kystverket, i samarbeid med Stad kommune.

Plankonsulent: COWI AS.

Varsel om oppstart:

COWI AS varsla på vegne av Kystverket om oppstart av planrevisjon i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 første ledd. Varslingsbrevet vart sendt til relevante sektorstyresmakter og naboar/grunneigarar som vart direkte påverka av planarbeida. Høyringsperiode 15.04.-10.05.2026.

Det ligg føre fråsegner frå Statens vegvesen, NVE, Vestland fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. Desse fråsegnene vert referert og vurdert i saksutgreiinga som skal følgje plandokumenta til høyring og offentleg ettersyn.



Kartutsnitt som viser dei tre planane.

Føremålet med planarbeida:

Føremålet med desse planendringane er i hovudsak å leggje til rette for alternative løysingar for plassering av tunnelmassar og matjord, og justering av gang- og sykkelveg til tursti.

Endringane av reguleringsplanane er skildra i dokumentet *Endringer i de ulike planene for Stad skipstunnel, Lesto næringsområde og Kjøde næringsområde*, utarbeidd av COWI (vedlagt).

Under vert det gjort kort greie for endringane i dei tre gjeldande reguleringsplanane:

Detaljregulering for Stad skipstunnel (planID. 2022010):


Reguleringsplanen for Stad skipstunnel vart vedteken 24.10.2024. Området er i dag regulert til sjølve tunnelen, portalane, tilhøyrande sideareal, anleggsområde og anleggstunnel. Planen gjev hamneareal og småbåthamn, og det er opna for fritids- og turistføremål i tillegg til vegutbetring.

Endringane vil leggje til rette for mogleg auka massedeponi i sjøen, sør for tunnelinngangen på Moldefjordsida. I tillegg vert det mellom anna lagd opp til å innarbeide allereie godkjente endringar frå administrativt endringsvedtak, utvide plangrensa i sjøen mot sør og vest, utvide plangrensa noko

på land mot sør, auka potensial for større fyllingsvolum og med det utviding av planlagd fylling, tilrettelegging for alternativ anleggstunnel og endring av gang- og sykkelveg over portal i Kjødspollen. til sti. Endringane vert kort oppsummert i kulepunkta under:

- *Innarbeiding av endringer gjort administrativt*
- *Utvidet plangrense i sjø i sør og mot vest*
- *Noe utvidet plangrense på land mot sør for å tilrettelegge for eventuelt permanent landtak for sjøledning*
- *Tilrettelegging for utvidelse av sjøfylling i entringsområdene, både ved utvidelse av sørlig fylling inntil dagens reguleringsplangrense (ulike alternativer for utfylling skal utredes) og utvidelse av sjøfylling mot nord og vest som sjødeponi/utvidete motfyllinger (omfang skal også utredes i planprosessen)*
- *Antatt potensial for utvidelse av areal på sørlig fylling ca 16-24 daa*
- *Antatt potensial for økt fyllingsvolum utover det som ligger til grunn i dagens regulering: 0,4 – 1,5 million m³*
- *Tilrettelegging for alternativ anleggstunnel på sørsiden av regulert skipstunnel*
- *Endring av GS-veg over portal i Kjødepollen til bestemmelsesbasert sti gjennom grøntareal (AVG) for forbindelse mellom nord og sør i Kjødebygda.*
- *Revisjon/tydeliggjøring av krav til utforming av tunnel-portaler og støttemurer*
- *Utvidet mulighet for anleggstunnel på vertikalnivå 1, ca. 144 daa.*
- *Endret friområde frå AVG til FRI2 på gamle skolen-området.*
- *Lagt til rette for ny avkjørsel ved FRI2.*
- *Utvidet areal på KBA 1.1 for tilrettelegging for plashall til lagring av utstyr, ca. 0,25 daa.*
- *Justert molo for å tilrettelegge for tilkomst til kai-området ved Hovden Senior.*

Innleiande vurderingar av planverknadar går fram av COWI sitt dokument, og for planendringa knytt til Stad skipstunnel er det gjort greie for verknadar for landskap, kulturminne, påverknad på marin natur og vassmiljø, økosystemtenester, landbruk, friluftsliv og rekreasjon, klimagass, barn og unge sine interesser, støy, massehandtering, luftforureining, samt lokale og regionale verknadar. Plandokumenta til høyring og offentleg ettersyn skal omfatte reviderte rapportar og analysar.



Detaljregulering for Lesto næringsområde (planID. 2022014)


Reguleringsplanen for Lesto næringsområde vart vedteken 24.10.2024. Området er i dag regulert til mellom anna nytt næringsområde og hamneområde, mellombelse anleggsområde for utbygging av skipstunnelen, utbetring av kryss og diverse utbyggingsføremål i samsvar med gjeldande arealbruk, i tillegg til LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde).

Endringane gjeld i hovudsak utviding av fylling mot søraust, noko utviding av landareal i sjøen, tilrettelegging for betre rassikring og tilrettelegging for eventuell mellombels steinlager på sjøfylling, og vert kort oppsummert i kulepunktane under:

- *Utvidet fylling mot sørøst. Utvidelse av nyttbart areal 14,6 daa (dvs. regulert areal over kote +3,0), økt fyllingsomfang 420 000 m³*
- *Tilsvarende utvidelse av rassikringsvoll, omfang ikke beregnet*
- *Sikring av plass til ev. sikringsgjerde som alternativ rassikring*
- *Endret avkjørsel (del av administrativ endring, men tas med i planforslag)*
- *Eventuell tilrettelegging for midlertidig steinlager/forbelastning (tidsbegrenset) på sjøfylling*
- *Innarbeiding av endringer gjort administrativt*

Innleiande vurderingar av planverknadar går fram av COWI sitt dokument, og for planendringa knytt til Lesto næringsområde er det gjort greie for verknadar for landskap, økosystemtenester, påverknad på marin natur og vassmiljø, trafikkforhold, klimagass, støy, massehandtering, luftforureining, landbruk.

Plandokumenta til høyring og offentleg ettersyn skal omfatte reviderte rapportar og analysar.



Detaljregulering for Kjøde næringsområde (planID. 2022013)

Reguleringsplanen for Kjøde næringsområde vart vedteken 24.10.2024. Området er i dag regulert til mottak av massar frå skipstunnelen, og for å leggje til rette for etablering av nye næringsområde og anleggsområde på areal som er fylt ut med lausmassar frå anleggsarbeida. I tillegg opnar planen for eksisterande arealbruk, som LNF-område og hamneområde i sjøen/kai.


Endringane gjeld i hovudsak tilrettelegging for rassikring på sjøfylling med sikringsvoll, tilrettelegging for eventuell mellombels steinlager på sjøfylling og på område sør for fylkesvegen. I tillegg er det ønske om å utvide planområdet på land mot nordvest for å sikre areal for mellombels lagring av matjord. Det må også vurderast løysingar for å forenkle krava til opparbeiding av rasteplass.

Endringane vert oppsummert i kulepunkta under:

- *Ivaretagelse av rassikring på sjøfylling med sikringsvoll*
- *Eventuell tilrettelegging for midlertidig steinlager/forbelastning på sjøfylling og på myrlendt område sør for fylkesvegen*
- *Utvivelse av plan mot nordvest for å sikre areal for mid-lertidig lagring av matjord i ranke for gjenbruk. Heve terrenget for å sikre mot flom.*
- *Forenkling av krav til opparbeiding av rasteplass*
- *Innarbeiding av endringer gjort administrativt*

Innleiande vurderingar av planverknadar går fram av COWI sitt dokument, og for planendringa knytt til Kjøde næringsområde er det gjort greie for verknadar for landskap, naturmangfald, økosystemtenester, massehandtering, luftforureining, klimagass, landbruk og vurdering av flaumfare.

Plandokumenta til høyring og offentlig ettersyn skal omfatte reviderte rapportar og analysar.



Figuren over viser omriss av gjeldande reguleringsplan med raud stipla linje, og forslag til ny, utvida plangrense er vist med svart farge. Ny planavgrensing viser noko utviding i vest, men er elles same som for gjeldande reguleringsplan for Kjøde næringspark.

Vurdering av krav om konsekvensutgreiing

Det er vurdert at planarbeidet ikkje utløyser krav om nye konsekvensutgreiingar for forhold som allereie har blitt avklarte i tidlegare reguleringsplanprosessar, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar § 6 første ledd bokstav b og § 8 første ledd bokstav a. Grunngevinga er at dei areala som vert omfatta av endringane i stor grad allereie har blitt vurderte i samband med utarbeiding av gjeldande reguleringsplanar.

Det er likevel vurdert at det er behov for nokre tilleggsutgreiingar for å avklare verknadene av dei nye tiltaka som følgjer av planendringane. Dette gjeld mellom anna: supplerande geotekniske undersøkingar og skredvurderingar for utvida sjøfyllingar, utgreiing av støykonsekvensar av utvida anleggsområde, vurdering av marin natur og marint vassmiljø, inklusive påverknad av undervassstøy, vurdering av terrestrisk natur og botndyr i bekk og økosystemtenester og vurdering av landskapsverknader. I tillegg kjem dei ordinære vurderingane for reguleringsplanarbeid som mellom anna er knytt til barn- og unge sine interesser, forholdet til naturmangfaldlova, friluftsliv, samt vurdering av verknader for matjord/landbruk, kulturmiljø og kulturminne.

Medverknad:

Varslingsbrevet er sendt til interesseorganisasjonar, grunneigarar, naboar og offentlege høyringsinstansar. Saka er annonsert i lokalavisa Fjordenes Tidende og på Stad kommune si heimeside.

I varslingsbrevet vart det informert om omfanget av planrevisjonen:

Det er berre endringane som følgjer av dette planarbeidet, og verknadene av desse som er gjenstand for vidare sakshandsaming. Forhold som allereie er avklarte og vedtekne i dei tre gjeldande reguleringsplanane, og som ikkje vert omfatta av endringane, vil ikkje vere gjenstand for ny høyring. Dei vert ståande slik dei allereie er godkjende.

I samband med oppstartsvarslinga inviterte Kystverket og kommunen til kontordag for dei som ønskte meir informasjon som grunnlag for å kome med innspel og merknader til planarbeidet. Kontordagen vart halden på kommunehuset i Selje den 20. april. Det vart gjennomført møte med to grunneigarar i Kjøde og ein grunneigar i Moldefjorden. Deira innspel er samanfatta i referat og referata ligg til grunn for vidare planprosess. Korleis plandokumenta er endra vil bli skildra i reviderte plandokument som følgjer saka til høyring og offentlig ettersyn.

Stad kommune har i tillegg invitert sektorstyresmaktene til digitalt informasjonsmøte om endringar av reguleringsplanar knytt til Stad skipstunnel. Møtet vert halde den 15. juni. Målet med møte er å gi informasjon om omfanget av endringane av reguleringsplanane og korleis plandokumenta er revidert, slik at det vert lettare for sektorstyresmaktene å utarbeide fråsegnene.

Det vil bli høve til å få meir informasjon undervegs i planprosessen og ein kan kome med merknader i høyringsperioden.

Vurdering:

Sidan desember 2025 har COWI i samarbeid med Kystverket og Stad kommune, arbeidd med endringar av reguleringsplanar knytt til Stad skipstunnel for å tilpasse planane til prosjektgjennomføringa. Nokre av endringane er allereie gjennomført administrativt i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd. I tillegg skal det gjennomførast endring av reguleringsplanar knytt til Stad skipstunnel i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 første ledd.

Planrevisjonen av planane vert ikkje ferdigstilt tidnok for å rekke politisk handsaming i råd og utval i juni. Av omsyn til framdrifta for planrevisjonen og Stad skipstunnel som prosjekt, er det uheldig at handsaming om høyring og offentlig ettersyn vert utsett til møterunden i september. Administrativt planmynde ber difor Stad formannskap som planmynde om fullmakt til å legge reviderte plandokument ut til høyring og offentlig ettersyn så snart dei ligg føre.

Det ikkje er forhold i Plan- og bygningslova eller Kommuneleova som strir med ei slik sakshandsaming, men kommunedirektøren understrekar at dette er noko Stad kommune berre unntaksvis bør tillate. I

dette tilfellet er det omsynet til framdrifta for eit nasjonalt samferdsleprosjekt som opnar for sakshandsaming som bryt med normal praksis. Det vert lagt opp til høyringsfrist i medhald av Plan- og bygningslova § 12-10.

Økonomisk berekraft:

«Det skal iht. plan- og bygningslovgivningen og kommunens gebyrreglement ikke betales gebyr til kommunen for dens behandling av forslag til områdeplan. For øvrig gjelder plan- og bygningslovgivningen og kommunens gebyrreglement», jf. avtalen mellom Kystverket og Stad kommune.

Sosial berekraft:

Det vert gjort greie for sosial berekraft i saka som skal følgje plandokumenta til høyring og offentleg ettersyn.

Miljømessig berekraft:

Det vert gjort greie for miljømessig berekraft i saka som skal følgje plandokumenta til høyring og offentleg ettersyn.

Vedlegg:

29.05.2026

Endringer i reguleringsplaner1

1855414